

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

07/2146-

11. juni 2014

Den kulturelle spaserstokken: Tildeling av spillemidlar m.m. for 2014-2015

Ved kongeleg resolusjon av 6. juni 2014 vart overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål fordelt. Avdette overskotet gjekk 15,4 mill. kroner til Den kulturelle spaserstokken.

Vidare er det løvt 15,4 mill. kroner på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet til Den kulturelle spaserstokken. Til saman skal 30,8 mill. kroner utbetalast til fylkeskommunane og fordelast vidare til kommunane frå Den kulturelle spaserstokken 2014.

Midlane blir fordelt etter fordelingsnøkkelen der følgjande variabler inngår: talet på personar over 70 år, geografiske avsatander og kulturell infrastruktur.

Midlane til kommunane skal fordelast utifrå kvalitative og/eller kvantitative kriterier som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommunen i tråd med det overordna føremålet for ordninga.

1. Mål og prinsipp for Den kulturelle spaserstokken

Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk.

Midlane skal hovudsakeleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

2. Tildeling for 2014-2015

Hordaland fylkeskommune får tildelt kr 2.450.000 fra Den kulturelle spaserstokken 2014.

Det er kommunane som har høve til å søke fylkeskommunen om tilskot. Tiltaka som får støtte skal være gjennomførte innan 31. desember 2015. Det skal stillast krav om rapportering til fylkeskommunen.

Det vert lagt til grunn at fylkeskommunane fastset fordelinga av midlane så raskt som mogleg og seinast innan medio oktober 2014.

3. Om bruken av midlane

Midlane skal brukast i tråd med mål og prinsipp for ordninga, og nyskaping og utvikling av tilbod skal prioriterast.

Tilskot skal ikkje kome til erstatning for kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereide er sikra finansiering. Tilskotet skal ikkje nyttast til investeringar/utstyr, administrasjon, planlegging eller kompetanseutvikling.

4. Forvaltning av midlane

For fylkeskommunar og kommunar som får over 100.000 kroner av spillemidlane, er det eit krav at renteinntektene av dei tildelte midlane kjem føremålet til gode. Det kan anten gjerast ved at midlane plasserast på eigen renteberande konto, eller ved at renteinntekten reknast ut og vert gjeve som eit tilskot til føremålet. For kommunar som får under 100.000 kr av spillemidlane, er det ønskeleg, men ikkje eit krav om at renteinntektene kjem føremålet til gode.

Kulturdepartementet kan kontrollere at midlane vert brukt etter føresetnadane.

Fylkeskommunen har ansvaret for rapportering om bruken av dei tildelte midlane fra Den kulturelle spaserstokken. Fylkeskommunen må difor sjølv fastsetje innhaldet i tilsegnssbreva til kommunane.

Følgjande punkt skal med:

- namnet, adressa og organisasjonsnummeret til mottakaren
- kontonummer til mottakaren
- tilskotssum
- føremål og kva slags tiltak midlane kan nyttast til
- eventuelle vilkår for bruken av midlane, og dessutan krav til dokumentasjon før midlane kan utbetalast.

I tilsegnssbreva eller i eige vedlegg må det informerast om:

- utbetalingstidspunkt, utbetalingsrutinar og handsaming av eventuelt for mykje utbetalt tilskot
- tidsfrist for bortfall av tilsegn om tilskot som ikkje blir utbetalt med det same
- krav til rapportering (oppfølgingskriterium)
- krav til oppbevaring av rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller fastsetjing av tilskotssum
- opplysningar om eventuelle kontrolltiltak som kan bli sette i verk for å sikre at bruken av midlane har skjedd i samsvar med føresetnadene
- moglege reaksjonsformer dersom mottakar ikkje opptrer i samsvar med skriftlege føresetnader, f. eks. tilbakebetaling.

5. Planar og rapportering

Fylkeskommunen skal sende oversikt over fordeling av midlane frå Den kulturelle spaserstokken 2014 innan 31. desember 2014 til Kulturdepartementet på e-post med adresse postmottak@kud.dep.no.

Kortfatta sluttrapport og rekneskap over kommunane sin bruk av midlane skal sendast innan 1. juni 2016 til samme adresse.

Med helsing

Christine Hamnen (e.f.)
avdelingsdirektør

Mette Hagen
seniorrådgjevar